


Statkraft – ein naturøydeleggar

Mykje vil ha meir, heiter det, og no vil statselskapet ta også det som er igjen av meir eller mindre urørte elvar i Jostedalen. Ein kan jo gjere seg mange tankar i den samanhengen, men meir enn merkeleg er det at staten skal gå i brodden for å bygge ned det som er igjen av vassdragsnatur i landet.

Det er jo ikkje lenge sidan noverande statsminister proklamerte at det måtte verte slutt på større vasskraftutbyggingar! Men kva har hendt? Jo, det er vel lenge sidan det har vorte sett i verk eller planlagt så mange kraftprosjekt, små og store, som no dei siste åra. Og snart er den siste større elva eller fossen lagd i røyr! Og det av mellom anna statselskapet og staten som den store «syndaren». Det er greitt at dette er fornybar energi, noko kraftelskapa brukar å vise til når dei vil ha støtte for sine mange prosjekt. Men ein stad må grensa gå dersom ein verkeleg ønskjer å ta vare på det som er igjen av vassdragsnaturen vår. Dette punktet har ein etter mi meining nådd i m.a. Jostedalen med dei utbyggingane som har vore der. Men Statkraft er umetteleg og vil no som kjent også ta det som er igjen av elvar i dalen. Åtte elvar på vestsida av dalen skal etter planen førast over til det store magasinet i Tunsbergdalen og gje grunnlag for større kraft-



produksjon i Leirdøla. Samstundes skal det byggast eit småkraftverk i den frå før regulerte Vigdøla. Desse planane har møtt motstand i Jostedalen, og det er ikkje merkeleg då ei slik stor kraftutbygging vil endre landskapet i Jostedalen kraftig. Elvar og fossar er jo ein viktig del av landskapsopplevinga både for fastbuande og turistar, og

og det vil vere eit stort tap for alle om ein til slutt berre sit igjen med turrlagde elvefar eller siplebekker med minstevassføring. Dessutan er elvane også viktige for naturmangfaldet i og kring elvane, både for tre og plantar, fisk og dyrelivet.

Det er viktig å få til ein overgang til fornybar energi, men vi kan likevel ikkje av den grunn ofre alt vi har igjen av urørt natur i t.d. Jostedalen. Her må det vere ein balanse mellom vern og utbygging. Det kan godt vere at nokre av desse åtte elvane kan nyttast til produksjon av småkraft utan særlege skadeverknader. Men her er det Statkraft vil ta åtte av dei større elvane i dalen og samstundes det som er igjen av Vigdøla, og dette er til saman er eit så stort inngrep i naturen i Jostedalen at Statkraft må få kontant nei til meldinga og konsesjonssøknaden sin.

Jon Farestveit,
Naturvernforbundet
i Sogn og Fjordane